

# Mandat for Klepp kommunale foreldreutval (KFU)

## 1. Samansetning

Ein representant frå Foreldra sitt arbeidsutval (FAU) ved kvar av grunnskulane og barnehagane i Klepp kommune møter i Klepp kommunale foreldreutval (KFU). Dette for at KFU skal ha legitimitet som bindeledd mellom FAU, administrasjonen i kommunen og den politiske leiinga.

## 2. Val

FAU ved den enkelte grunnskule og barnehage vel ein representant blant sine medlemmar til KFU.

KFU konstituerer seg sjølv på første ordinære møte om hausten, og vel:

- Leiar og sekretær for skule
- Leiar og sekretær for barnehage

Leiar skule har ansvar for felles møtedel. Leiar barnehage fungerer som nestleiar.

KFU vel leiar for inneverande skuleår.

## 3. Kommunalsjef skule og barnehage har ansvar for

Kommunalsjefen skal i samarbeid med leiinga for KFU syta for at kommunen og KFU årleg har minimum 4 dialogmøte.

Sekretær i etat for skule og barnehage skriv referat frå dialogmøta, etter notat frå skrivarar i KFU.

## 4. Mandat for KFU

Mål:

KFU skal fungera som eit samordnande og koordinerande organ for alle FAU ved grunnskulane og barnehagane i Klepp. KFU skal ivareta brukarperspektivet og arbeida for at skulane og barnehagane i Klepp skal vera best mogleg.

Oppgåver:

- arbeida for å fremja eit godt samarbeid mellom foreldra, skulen, barnehagen, administrasjonen og politiske vedtaksorgan i kommunen.
- drøfta fellessaker for grunnskulane og barnehagane i Klepp.
- arbeida for å heva kompetansen for å betra samarbeidet mellom heim-skule og heim-barnehage, FAU og politikarane i kommunen.
- vera ein aktiv og konstruktiv medspelar for Klepp kommune sin administrasjon og politikarar.
- fungera som høyringsinstans ovanfor Klepp kommune sin administrasjon og politikarar, og t.d. delta i arbeidsgrupper nedsett av kommunen.

Økonomi:

- KFU får høve til å søkja kommunen om økonomisk støtte til å arrangera opplæring, delta på kurs og seminar.